

Kommunane

Dykkar ref

Vår ref
11/630-6 LII

Dato

INVITASJON TIL Å DELTA I PROGRAMMET "SAMAN OM EIN BETRE KOMMUNE"

Kommunal- og regionaldepartementet vil saman med KS, LO Kommune, Unio, YS Kommune og Akademikerne invitere kommunar til å delta i utviklingsprogrammet "Saman om ein betre kommune". Innafor ramma av samarbeidet vil vi støtte opp om tidsavgrensa og lokalt initierte prosjekt på tema sjukefråver, kompetanse og rekruttering, heiltids-/deltidsproblematikken og omdøme. Eit hovudformål med programmet er at det skal medverke til nasjonal fornying. Programmet skal systematisere kunnskap frå dei lokale tiltaka som kan spreiaast til andre norske kommunar.

Som deltagar i "Saman om ein betre kommune" vil de kunne styrke kommunen sitt utviklingsarbeid ved å få:

- tilgong til god kompetanse og ressursmiljø,
- vere med på å utvikle ny kunnskap,
- økonomisk støtte til gjennomføring av prosjektarbeidet,
- eit fagleg fellesskap med andre kommunar.

Vi forventar at kommunen:

- sikrar god lokal forankring av arbeidet blant folkevalde, administrative leiarar og medarbeidarar/tillitsvalde i alle forhandlingssamanslutningane lokalt som ønskjer å delta,
- legg ned ein monaleg eigeninnsats i arbeidet,
- bidreg til erfaringsdeling og synleggjering av resultat frå sine lokale prosjekt.

Innhald og gjennomføring

Det administrative ansvaret for programmet er lagt til KRD, som i samarbeid med dei sentrale partane vil koordinere arbeidet i programmet. Bistanden til kommunane skal i stor grad vere tilpassa kommunane sine behov. Kommunane vil kunne få støtte i form av fagleg rettleiing frå ressursmiljø som programmet knytt til seg, fellessamlingar undervegs i prosjektperioden, deltaking i nettverk, digitale samarbeidsarenaer, kunnskap frå forskings- og utgreiingsarbeid og støtte til formidlingsarbeid. Det vil også vere aktuelt med direkte tilskott til å gjennomføre prosjektarbeidet i kommunane. Rammene vil bli tilpassa aktiviteten i programmet, innanfor gjeldande ramme for prosjektskjønsmidlar.

Utveljing av kommunar

På bakgrunn av søknader vil vi velje ut eit tal kommunar som får delta i programmet.

Følgjande vil bli vektlagt:

- ein sterkt motivasjon for utviklingsarbeidet, tydelege mål og konkrete tiltak for arbeidet med eitt eller fleire av hovudtema i programmet,
og
- dokumentert systematisk og godt utviklingsarbeid over tid.

Programmet går fram til 2015, med oppstart andre halvår 2011. Kommunar kan gå i lag om tiltak og prosjekt og fremje felles søknad. Første søknadsfrist for å delta er sett til **15. juni 2011**. Vi tek sikte på at det vert teke opp nye kommunar kvart år.

Innhaldet i søknaden

Søknaden skal fyllast ut etter ein oppsett mal som er tilgjengeleg på Kommunal- og regionaldepartementet sine nettsider, www.krd.dep.no. Søknaden skal ikkje overstige fire sider, den skal vere politisk handsama og underteikna av ordførar og rådmann.


I søknaden skal kommunen gje ei kort skildring av lokale utfordringar på innsatsområdet/områda og kva tiltak som skal gjennomførast. Vidare skal kommunen gje konkrete mål for tiltaka og det samla arbeidet, samt korleis og når de vil måle resultata undervegs. Kommunen sin eventuelle tidligare innsats, samt resultat som er oppnådd gjennom tiltak på innsatsområdet/områda skal skildrast/dokumenterast. Det må tydeliggjerast korleis de ev vil byggje vidare på erfaringane frå dette arbeidet. Ein overordna tidsplan samt ei skildring av kommunen sin eigen ressursinnsats inn i arbeidet skal gå fram av søknaden.

Deltakarkommunane vel sjølve innretning og organisering av arbeidet. Samarbeidet skal skje innafor Hovudavtalen sin rammer og kommunane si formelle styring av eigen verksemd. Det er ein føresetnad med god lokal forankring av arbeidet. Av søknaden skal det gå fram korleis kommunen har forankra arbeidet med søknaden hjå

folkevalde, administrative leiarar og medarbeidrarar/tillitsvalde i forhandlingssamanslutningane. Det må vidare synleggjerast korleis kommunen vil organisere/etablere prosjektet slik at desse aktørane deltek ut frå sine ulike roller.

De finn meir informasjon om programmet (inkludert samarbeidsavtalen mellom partane med nærmere utdjuping av innhald, tiltak og verkemiddel) på Kommunal- og regionaldepartementet sine nettsider, www.krd.dep.no. Spørsmål i samband med søknaden kan rettast til Fredrik Rivenes (22 24 72 40), eller Linn Ising (22 24 71 16).

Beste helsing



Liv Signe Navarsete

Kopi: AD, KS, Akademikerne, LO Kommune, Unio, YS Kommune, Fylkesmennene